



Notat

Dato: 05.05.2014
Arkivsak: 2014/677-3
Saksbehandlar: ingskei

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Bompengerekneskap 2013 for Årsnes ferjekai

Ny ferjekai på Årsnes vart teken i bruk 1. juli 2010.

Prosjektet er omtala i St.prp.nr. 2 (2008-2009). I tillegg til ny ferjekai, omfattar prosjektet utbetring av vegen mellom Løfallstrand og Årsnes. Samla kostnadsoverslag var 80 mill. kr (2008 prisnivå). Halvparten skulle finansierast med bompengar, med innkrevjing over 15 år.

Utbettingane på strekninga Årsnes-Løfallstrand har vorte noko dyrare enn føresett, og arbeidet har trekt ut i tid. I 2013 er det utført arbeid for 10,2 mill. kr på strekninga. Enno står det att noko restarbeid og grunnerverv. (Statens Vegvesen har igjen 2,2 mill. kr av bompengar som vart rekvirerte i 2013. I tillegg har fylkeskommunen løyvd 2 mill. kr i 2014.)

Pr. utgangen av 2013 hadde fylkeskommunen (som bompengeselskap) overført 47,5 mill. kr til Statens vegvesen. Det er teke opp 36 mill. kr i lån.

Rekneskapen viser ikkje rett fordeling av bompeneinntektene mellom 2012 og 2013. Etter at rekneskapen for 2012 var avslutta, oppdaga Norled ein programfeil når det gjeld bompengar på storbrukarkort. I mars 2013 vart det etterbetalt kr 716 825 som er bompeneinntekter frå 2012. Korrigerte inntekter vert då 5,20 mill. kr i 2012 og 5,07 mill. kr i 2013. Dette gjev ein nedgang i inntektene på 2,4 % frå 2012 til 2013.

Trafikken viste nedgang på 5,5 %. Hovudårsaka til nedgangen er nok Jondalstunnelen, som opna i september 2012. Trafikantane fekk dermed ei ny alternativ rute mellom Bergen og Odda. Om ein samanliknar perioden januar-august i 2012 og 2013 gjekk trafikken ned med 9,5 %.

I august 2013 opna Hardangerbrua. Det var ei viss spenning til om dette ville medføre ytterlegare reduksjon i trafikken over sambandet Årsnes – Gjermundshamn. Det er vanskeleg å trekke sikre konklusjonar om dette ut frå trafikktalet hausten 2013. I perioden september til desember var trafikken 4,8 % høgare enn året før. Dette kan truleg forklaraast med raset i Tokageleit, som har resultert i ei tilbakeføring av trafikk frå Jondalstunnelen til Årsnes – Gjermundshamn.

Variasjonane ein har sett i trafikken gjer det førebels vanskeleg å gje sikre prognosar for når bompengelånet vil vere nedbeta. Men alt tyder på at lånet vil vere nedbeta på godt under 15 år.

Rekneskapsoversyn

	2013	2012
Utgifter		
Overført vegkontoret	10 000 000	
Innkrevjingskostnader	121 765	95 586
Renteutgifter	810 000	934 323
Avsett til fond	3 620 973	
Sum	10 931 765	4 650 882

Inntekter		
Bompengerinntekter	5 788 359	4 479 198
Renteinntekter	236 877	171 684
Bruk av fond	4 906 529	
Sum	10 931 765	4 650 882

Balanse

Overført vegkontoret	47 500 000	37 500 000
Kortsiktige fordringar	304 897	237 468
Bankinnskot	2 421 081	7 395 582
Sum aktiva	50 225 978	45 133 050

Bunde investeringsfond	2 568 416	7 474 946
Kapitalkonto	11 500 000	1 500 000
Lån	36 000 000	36 000 000
Kortsiktig gjeld	157 562	158 104
Sum passiva	50 225 978	45 133 050